

Norsk Veteranmotor AS

ARBEIDSRAPPORT HAUSTEN 2014

Prosjekt	Prosjekt nr.	Rapport nr./Prosj.nr	Rapport dato	Signatur
Motor Folgefonn	01.2014	01/01.2014.rev. 01	14.11.2014	

Referanse Kontrakt.	Aktivitet	Merknader	Timar
Trinn 1	Plassering av motor. Mottak av motor, propell og diverse laust utstyr 02.06.2014.	Eksosrør etc. er plassert i avlåst lager.	16
Trinn 1	Demontere alle rør. Demontert en del rør for å skaffe tilkomst til seinare aktivitetar.		12
Trinn 1	Demontere alle luker for inspeksjon. Demontert alle luker for å skaffe tilkomst til veivrom og koplingshus	Luker er satt laust attende på plass for å hindra tilkomst for ureining	12
Trinn 1	Demontere topper. Alle topper er løyste	Vanskelig å få inntrykk av tilstand før reingjering er fullført. Topper er sett laust attende mens ein ventar på godkjenning av løfteutstyr.	16
Trinn 1	Demontere stemplar Ingen aktivitet		
Trinn 1	Demontere mellomaksel. Starta demontering av deksel for trustlager		9
Trinn 2	Demontering driftsoverføringar for pumper. Demontert kjølepumper og drift for disse.		9
Trinn 2	Demontere regulatorhus med kamaksel. Ingen aktivitet		
Trinn 2	Kontroll av sylindreforingar. Visuell kontroll av innvendig sylindrar.	Kontrollen er avgrensa, og vil bli fullført når foringane er demonterte.	2
Trinn 2	Kontroll av veivlager. Ingen aktivitet		
Trinn 2	Kontroll av rammelager. Ingen aktivitet		
Trinn 2	Kontroll av veivaksel. Ingen aktivitet		
Trinn 2	Demontering av blåser for kontroll. Ingen aktivitet		
Trinn 2	Reingjering og kontroll og av demonterte deler Deler som er demonterte er gjort reine med filler. Det gjenstår vasking.	Vasking av deler vert starta opp så snart ein har fått etablert ein effektiv vaskestasjon.	4
Trinn 4	Dokumentering av metodar etc. Dette arbeidet har starta opp. Ein legg opp til at dokumentasjonen skal fylgja SFI sitt gruppesystem som er det mest brukte nummereringssystem innafor skip og skipsreparasjonar.	Det skal utarbeidast dokumentasjon og prosedyrebeskriving i tilknytning til dei opprinnelege instruksjonsbøkene	8
Sum timer rapport 01/01.2014			88 t.

Generell kommentar:

Aktivitetane har vore prega av at Norsk Veteranmotor er inne i ein etableringsfase kor ein må ta omsyn til etablering av gode HMS føresegner, tilgang på verktøy og etablering av heilt vanlege verksemdsrutinar. Ein har prioritert dette frå starten, spesielt på grunn av at vi har elevar frå Rubbestadneset Vidaregåande Skule som hospiterer hos oss .

Ein reknar med at verksemda frå nyttår vil ha det meste av det praktiske på plass og at ein vil verta meir effektive både på prosedyrar og framdrift utover nyåret.

Det er avgrensa kor mykje ein kan seia om motoren sin tilstand no. Likevel ser det ut til at motoren er i bra stand. Ein av dei stadane ein kan få indikasjon på det er eventuelle slitekantar på kjedehjul. Det ser bra ut. Men den verkelege testen får ein når det vert høve til å måla slitasje i sylindren.

Vedlagt fylgjer ein del bilete.

Yrkesskulen sine elevar har til no «logga» 80 timer. Dei er ikkje medrekna i sum timer rapport 01/01 - 2014

Sjå også eigen rapport om planlagt drift i 2015.